

T-dagane er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Å lære borna opp i trua er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette kan T-dagane hjelpe dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane, uansett livssyn.

Velkomen til

Borna sin påskefest

I Evanger kyrkje
sundag 29. mars
Kl. 11:00- ca.12:30



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

T₇





Velkomen til T-dag og
Borna si påskevandring

Du er invitert til T-dag i Evanger kyrkje
Palmesundag, 29. mars kl. 11:00- ca. 12:30.
T-dagen er ei gudsteneste med påskevandring.
Me fortel, syng, smakar og leikar oss igjennom
påkehøgtida. Gudstenesta er ei familiegudsteneste i
lag med heile kyrkjelyden.

Program

Kl. 11:00 Velkomen til gudsteneste med
påskevandring
Etter gudstenesta kosar me oss med kyrjekaffi/
kyrkjesaft.



Her er ein av songane me skal synga:

På Golgata stod det ein kross,
Jesus døydde på krossen. I
hagen var det ei grav, Jesus
låg i den grava.

∴ Men krossen er tom og grava er tom,
Jesus stod opp og han lever. ∴

Det er inga påmelding. Hjarteleg velkomen!

